



VEDTEKTER FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR I LUSTER KOMMUNE

Vedteke av Luster kommunestyre 27.02.2025. Desse vedtektene erstattar kommunale barnehagevedtekter gjeldande frå 01.01.2022.

Nye vedtekter er gjeldande frå 01.03.2025.

Administrativ endring frå 01.07.2025.

§ 1 Føremål

Barnehagane i Luster skal drivast i samsvar med Lov om barnehagar og tilhøyrande føresegner. I tillegg gjeld kommunale vedtak og planar for den einskilde barnehage. Barnehagane skal arbeida i samsvar med gjeldande rammeplan for barnehagar fastsett av Kunnskapsdepartementet.

§ 2 Barnet sitt beste og barn sin rett til medverknad

Kva som er best for barnet skal vera eit grunnleggjande omsyn i alle handlingar og avgjersler som gjeld barn i barnehagen. Barn har rett til å uttala seg om det som vedkjem dei, og skal ha høve til å ta del i det som omfattar livet deira i barnehagen. Det skal leggjast vekt på barn sine synspunkt i samsvar med alder og modning.

§ 3 Drift og forvaltning

Luster kommune eig og har ansvar for drifta av dei barnehagane i kommunen som er omfatta av vedtektene. Kommunestyret har det overordna ansvaret for å skapa gode rammevilkår for barnehagane.

Kommunedirektøren er det kommunale forvaltningsorganet for all barnehage- verksemd i Luster kommune.

Kvar barnehage skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval i samsvar med lov om barnehagar § 4. Oppvekstsentera har felles samarbeidsutval og / eller foreldreråd. Kommunestyret vel ein kommunestyrerepresentant til kvart samarbeidsutval.

§ 4 Rett til barnehageplass, opptak og plasstilbod

Hovudopptak

Barn som fyller eitt år seinast innan utgangen av november det året det vert søkt om barnehageplass, har rett til plass i barnehage frå den månaden barnet fyller eitt år dersom det er søkt ved hovudopptaket med søknadsfrist 1. februar.

Barn med rett til barnehageplass i november, kan få utsett oppstart i barnehagen til 1. januar dersom dei søker ved hovudopptaket.

Suppleringsopptak

Suppleringsopptaket med oppstart 1. januar gjeld for barn som fyller eitt år innan utgangen av januar og barn som er eldre. Omfanget av suppleringsopptaket er avhengig av tal ledige barnehageplassar.

Løpande opptak

Det er løpande opptak for barn som har fylt eitt år i periodane 15. august – 1. november, og 1. januar – 1.mai dersom det er ledige plassar. I det løpande opptaket i vårsemesteret er det oppstart hovudsakleg i månadane januar, mars eller mai.

Ved særlege omstende og etter eigen søknad kan kommunedirektøren fråvika regelen om at barnet kan få barnehageplass først frå den månaden det fyller eitt år.

Barnehageplass er reservert barn av føresette busett i Luster kommune. Kommunedirektøren kan fråvika denne regelen som eit rekrutteringstiltak.

Søknad om barnehageplass, endring av opphaldstid og overføring til annan barnehage skal gjerast via den digitale barnehageplattformen til kommunen.

Opptak av barn til barnehagane vert gjennomført av i samsvar med forskrift om sakshandsamingsreglar ved opptak i barnehage.

Plasstilbod

Plasstilboda i barnehagane er 60 %, 80 % og 100 % plass. Tilbodet om dagar må tilpassast drifta og gruppesamansetjinga i kvar einskild barnehage. Dei som søker redusert plass, kan ikkje alltid rekna med å få innfridd ynsket sitt om barnehagedagar.

Barn som har fått barnehageplass, beheld denne til han vert sagt opp eller til barnet når skulepliktig alder. Oppstart i barnehagen er den 1. i månaden med unntak av hovudopptaket der oppstarten er 15. august.

§ 5 Opptakskrins

Opptaksområda til dei kommunale barnehagane i Luster følgjer opptaksområda til skulane. Søkjar sine ynske og behov skal tilleggjast stor vekt ved sjølv opptaket, og kommunedirektøren kan difor ved særlege omstende fråvika krinsregelen. Siste året i barnehagen skal barnet som hovudregel gå i barnehage i heimekrinsen, dvs. skulekrinsen.

Dersom barnet ikkje får barnehageplass i heimekrinsen og får tildelt plass i nabokrinsen, er barnehageplassen i nabokrinsen gjeldande for det gitte barnehageåret. Søkjarar som ikkje får innvilga barnehageplass i heimekrinsen, kan be om å stå på venteliste.

Søkjarar som ikkje får innvilga barnehageplass i heimekrinsen og som ikkje står på venteliste, må ved neste hovudopptak søkje på nytt. Dersom det då er ledig kapasitet, og det samsvarar med prioriteringsrekkefølgje i vedtektene, vil barnet få barnehageplass i heimekrinsen.

§ 6 Opptakskriterium

Prioriteringsrekkefølgje ved opptak

- 1 Barn med nedsett funksjonsevne der det ligg føre sakkunnig vurdering og barn med vedtak frå barnevernet, jf. barnehagelova § 18 og barnevernslova § 5-1 første ledd bokstav a til d, § 3-1 og § 3-4 første ledd bokstav b
- 2 Barn som grunna sosiale, språklege, helsemessige eller andre særskilde tilhøve treng ein barnehageplass og det ligg føre vurdering frå sakkunnig instans
- 3 Barn som skal gå siste året i barnehagen før skulestart
- 4 Barn som har trong for språkleg og kulturell integrering og der begge foreldra er minoritetsspråklege med ein annan språkbakgrunn enn norsk, samisk, svensk, dansk eller engelsk som morsmål
- 5 Sysken med rett på barnehageplass, har førerett til plass i same barnehage
- 6 Barn med einslege forsytarar
- 7 Barn som har søkt utvida barnehageplass og/eller overføring til annan barnehage
- 8 Barn av føresette med kritisk kompetanse som Luster kommune treng. Dette vert drøfta med rådmannen i kvart enkelt tilfelle
- 9 Eldre barn går føre yngre barn

Barnehageopptaket på Hafslo vert samordna slik at årskulla vert balanserte i dei to barnehagane. På denne måten tek ein omsyn til det samla pedagogiske tilbodet.

§ 7 Søknadsfristar

- a. Søknadsfrist for hovudopptaket er 1. februar. Same frist gjeld for endring av barnehageplass med verknad frå 15. august.
- b. Søknadsfrist for suppleringsopptak er *1. september* med oppstart 1. januar. Same frist gjeld for endring av barnehageplass med verknad frå 1. januar.

§ 8 Klagerett

Søknad om barnehageplass vert omfatta av barnehageloven med forskrift om sakshandsamingsreglar ved opptak i barnehagar. Avslag ved hovudopptaket gjev dermed klagerett. Det er også klagerett om ein ikkje får plass i barnehagen på sitt første- eller andreval på søknaden. Retten til å krevja skriftleg grunngjeving og klage gjeld berre for søkjar som har søkt om barnehageplass innan søknadsfristen som kommunen har sett for hovudopptaket.

Utanom hovudopptak er det klagerett ved avslag for søkjarar med prioritet etter barnehageloven § 18.

Skriftleg klage må sendast kommunen ved Oppvekst. Klagefristen er tre veker frå når avslaget eller vedtaket vart gjort kjent for søkjar.

Dersom kommunen ikkje gjev klagaren medhald, skal kommunen senda klagen vidare til kommunen sitt klageorgan, klagenemnda.

§ 9 Teljemåte ved tildeling av barnehageplassar

Barn under 3 år tel for to barnehageplassar når det gjeld bemanning. I samsvar med gjeldande nasjonale forskrifter vert barn rekna som 3 år frå august det året barnet fyller 3 år.

§ 10 Endring av tildelt plass

Hovudregelen er at føresette må søkja om endring av barnehageplass 1. februar dersom dei ønskjer å auka eller redusera storleiken på barnehageplassen frå 15. august.

For å endra plass med verknad frå 1. januar er søknadsfristen 1. september.

Søknad om endring av plass vert gjort digitalt via heimesida til Luster kommune.

§ 11 Oppseiing av barnehageplass

Oppseiing skal gjerast digitalt via heimesida til Luster kommune. Fristen for oppseiing er ein månad og gjeld frå den 1. i etterfølgjande månad.

Dersom føresette ombestemmer seg og ikkje ønskjer barnehageplass tildelt ved hovudopptaket med oppstart 15. august, må plassen seiast opp innan 1. mai. Oppseiing etter denne fristen vil verta handsama som oppseiing frå og med 1. august og vil innebera ein månad betaling. Ved særlege omstende kan rådmannen fråvika regelen om ein månad betaling.

Kommunen kan seia opp barnehageplassen ved vesentleg misleghald av avtalen. Som vesentleg misleghald vert rekna:

- a. dersom plass er tildelt på grunnlag av urette opplysingar av viktig tyding
- b. manglande betaling i to månader
- c. vesentleg fråvær utan at fråværet er avtala med barnehagen
- d. dersom avtalt opphaldstid vert overskride mange gonger

§ 12 Plikt til å ta i bruk motteken barnehageplass

Motteken barnehageplass må nyttast innan ein månad etter den datoen som står i vedtaket.

§ 13 Lengd på barnehageåret og opningstid i barnehagane

Barnehageåret startar 15. august og sluttar 14. august året etter.

Barnehagane er stengde julaftan og nyttårsaftan. Onsdag før skjærtorsdag stengjer barnehagane kl. 12.00.

Barnehagane er stengde fem planleggingsdagar kvart år. Datoane for planleggingsdagane står i barnehageruta og i årsplanane for barnehagane.

Heiltidsbarnehagane har som hovudregel ei dagleg opphaldstid på 9 timar. Barnehagen i Jostedalen har utvida opningstid.

§ 14 Ferie

Barnehagane har feriestengt i veke 29 og 30. Hafslo barnehage og Gamlestova barnehage samarbeider om ferieavvikling og eventuell samlokalisering i veke 28 og 31.

Barnet skal ha **minst** fire veker ferie i kalenderåret. Tre av desse vekene skal vera samanhengande og takast i samband med dei feriestengde vekene. Dei fem planleggingsdagane kan utgjera den fjerde ferieveka for barnet. Føresette skal melda frå til barnehagen om ferie for barnet sitt / barna sine seinast 15. april.

§ 15 Betalingsreglement, oppseiing og tap av barnehageplass

Kommunestyret fastset barnehagesatsane gjeldande frå 1. januar. Barnehagesatsane i Luster er i samsvar med nasjonal forskrift om foreldrebetaling i barnehagen. Betalinga for eit barnehageår vert delt over 11 månader der 15. juli –14. august er betalingsfri månad, med andre ord betaler føresette halv månad i juli og august.

Det vert gjeve 30 % rabatt for barn nummer to. For barn nummer tre eller fleire, er det gratis barnehageplass.

Det vert gjeve redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid i tråd med nasjonale føringar for familiar med låg inntekt. Kostpengar fell ikkje inn under ordninga. Søknad om redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid skal gjerast digitalt via heimesida til Luster kommune. Søknadane vert handsama av Oppvekst. Nyaste likningsattest må liggja ved søknaden.

Betaling for mat og frukt kjem i tillegg til den faste månadssatsen.

§ 16 Fritak for betaling og permisjon frå barnehageplass

Barn som lir av ein alvorleg sjukdom som gjer at barnet ikkje kan nytta plassen i barnehagen, kan innvilgast fritak for betaling i den perioden barnet er borte frå barnehagen. Det må **då** liggja føre ein legeattest. Søknader for kortare periode enn ein månad vert ikkje handsama. Søknadar vert handsama av Oppvekst. Dersom sjukdomen gjer at barnet kan vera i barnehagen i periodar, vert det rekna ein dagspris tilsvarende 1/25 av den fastsette månadsprisen.

Det kan gjevast permisjon frå barnehageplass og mellombels fritak for betaling dersom opphaldet er over to månader og eit anna barn kan nytta seg av plassen i den tida barnet er borte. Eit slikt fritak gjeld frå første dato i etterfølgjande månad barnet vert teke ut av barnehagen. Søknad om permisjon og mellombels fritak for betaling vert handsama av Oppvekst.

§ 17 Ikkje-gyldig grunn til betalingsfritak

Det vert ikkje innvilga fritak for betaling fordi barnet og dei føresette er på ferie utover den betalingsfrie månaden, jf. § 14.

§ 18 Manglande betaling

Ved manglande betaling vert det etter 14 dagar sendt ut nytt betalingsvarsel med eit purregebyr.

Ved manglande betaling i to påfølgjande månader vil barnet misse barnehageplassen.

§ 19 Ulukkesforsikring

Barna er forsikra av Luster kommune gjennom ei kollektiv ulukkesforsikring. Forsikringa gjeld i opningstida i barnehagen, direkte til og frå heimen og barnehagen, og på ekskursjonar eller tilskipingar som barnehagen arrangerer.

§ 20 Teieplikt

Alle tilsette og vikarar har skrive under fråsegn om teieplikt når dei tek i mot stilling i Luster kommune.

§ 21 Helseopplysningar

Føresette pliktar å gje barnehagen naudsynt informasjon om tilhøve ved barnet si helse som tilsette må ta særskilt omsyn til. Informasjonen blir arkivert i barnet si mappe.

§ 22 Internkontroll

Barnehagane har internkontrollsystem i samsvar med barnehagelova § 9 og kommunen sitt internkontrollsystem.

Systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid vert gjennomført i samsvar med Internkontrollforskrifta som gjev føresegner om oppfølging av krav fastsett i ei rekkje lover, mellom anna arbeidsmiljølova, brannvernlova, forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular osb. og produktkontrolllova.

§ 23 Arealnorm

Følgjande arealnorm gjeld som hovudregel for kommunale barnehagar i Luster: 5,3 m² per barn under 3 år og 4 m² per barn over 3 år. Utearealet i barnehagen bør vera om lag seks gonger så stort som leike- og opphaldsarealet inne.

Barnehagen er godkjent for eit leike- og opphaldsareal, jf. godkjenning av barnehagen etter barnehagelova . Barnehagane står fritt til å bestemma samansetjinga av små og store barn så lenge det er innafor godkjent areal.

§ 24 Gyldigheita til vedtektene

Vedtektene vert vedtekne av kommunestyret og er å rekne som lokal forskrift. Administrasjonen får fullmakt til å føreta mindre endringar av ikkje-prinsipiell karakter og/eller tilpassingar som følgjer av nasjonale lov- og forskriftsendringar eller kommunale vedtak. Administrative endringar av vedtektene vert sendt kommunestyret til orientering.